



# ÅRSRAPPORT 2023

- Fitjar Frivilligsentral -

Møte mellom mennesker

---

VÅRE SPONSORAR:



## ØKONOMI

Dette året vart litt utfordrande med hensyn til økonomi, og ein god del grunnkapital måtte nyttast.

Dersom ein får fleire slike år med så lite lokal finansiering, vil frivilligsentralen ikkje stå seg økonomisk og ein må leggja ned.

Vi er heilt avhengige av at grunnfinansieringa til drift er på plass. Prosjektmidlar kjem i tillegg, det same gjeld gåvar og støtte frå bankar og næringsliv forøvrig.

Ein må nemna gode gåver frå Fitjar Kraftlag, Sparebanken Vest og vidareformidling av midlar til låginntektsfamiliar frå Haugaland Kraft. Dei to fyste har støtta frivilligsentralen med midlar i svært mange år.

I tillegg nokre gåver frå privatpersonar som ønskjer å gje oss ei gåve fordi dei set pris på arbeidet frivilligsentralen gjer.

Ny samarbeidsavtale med Fitjar kommune til revisjon i løpet av 2023. Avtalen vil sikra frivilligsentralen med mykje av den lokale finansieringa frå medstifterane.



## STYRET

Styret har vore stabilt med få utskiftingar dei seinare åra.

I 2023 har Hrafn Thorsteinsson vore leiar, Angunn Bårdsen nesteleiar.

Dei andre i styret er Odd Bondevik, Sigrunn Eiken og Trygve Kvarven. 1.varamedlem er Ragnhild Helle Aarskog, 2.varamedlem er Kirsten Melkevik. Eit styre som har vore engasjert og jobba godt, etter underteikna sitt syn.

## TILSETTE

Joanna Przygocki leiar for Ope hus for ungdom  
Ellinor A Bergesen, dagleg leiar.

I tillegg innleigd vikar for vikar i sjukemeldingsperiode

## SAMARBEID KOMMUNE/FRIVILLIGSENTRAL

---

Det har vore fint samarbeid med kommunen, spesielt knytt til eldre, flyktningar og låginntektsfamiliar. Dagleg leiar deltek òg i førebyggjande gruppe i kommunen.

## BADETILBOD I FITJAR 2023

---

Tilbodet hadde drift ut april 2023 med 2 frivillige badevakter kvar måndag i 3 timar. Godt tilbud i ein liten kommune. Diverre har ein ikkje klart å rekruttera nok nye badevakter for oppstart etter vinterferie.



## FREDAGS-TURGRUPPE

---

Denne gruppa styrer seg sjølv. Er eit lågterskeltilbod med tur i ca 2 timar i skog og mark med ein liten pause på turen. Dei er flinke til å variera turområde. Eit turglad ektepar styrer kor turane skal gå til ein kvar tid. Varierande oppmøte, men dei går uansett .

## LAG OG ORGANISASJONAR

---

Saman med Fitjar kommune og ordførar har ein forsøkt å finna løysing til felles innsats og synleggjering av arbeidet til lag og organisasjonar, utan at oppmøtet var så stort.

Ein hadde òg møte med Mental Helse Stord/Fitjar, der ein gjorde eit forsøk på å starta ei lokal gruppe, utan å lukkast.

## NETTVERKSARBEID

---

Dagleg leiar deltok på landskonferansen for Norges frivilligsentraler i april.

Dette var i Oslo. I tillegg deltek dagleg leiar saman i nettverk for Sunnhordland x 3 /årleg

## MATOMBERING TIL ELDRE HEIMEBUANDE

---

I januar vart tilbodet om middag til heimane flytta frå kl 15 til kl 13.00. Dette medførte at vi har litt færre frivillige som kan dele på dette. Endringa er endeleg enn så lenge. Vi prøver å rekruttere nye frivillige som matsjåførar, men det er ei føremon at dei er litt kjent i bygda. Sjøførane kjører ut mat 5 dagar i veka, og har ikkje løn. Dei får dekka kjøreutgifter.

## KAFFISTUND

---

Nok frivillige til å ha kaffistund ein gong per måned ved Havnahuset bu og servicesenter igjen.

Ein herleg flokk som lager heimebakst, inimellom quiz, musikk og songstund og spreier glede til bebuerane. Etterpå tar musikerane med seg instrument og musikkglæda opp til Fitjar bu og behandlingssenter for ei lita songstund. Heile opplegget er ein suksesshistorie med mykje glede.

Bilde: Håkon C.Hartvedt



## VAKSINGERINGVAKTER

---

Frivilligsentralen organiserte frivillige vaksinevakter og lunsjservering i samband med influensavaksine.

## AKTIVE SAMAN

### BESØK FRÅ ELEVAR/SOSIAL AKTIVITET

Elevar frå Fitjar vidaregåande skule besøker 8 eldre i heimen deira i 2 timar kvar veke frå oktober – april . Dei er 2 elevar saman. Dette er ein vinn-vinn for begge partar. Dei eldre får nye bekjensker, og nye impulsar og besøkene bidrar godt til felles glede. Dei går på biblioteket, handlar, går på kafe, eller på tur i godt ver, eller berre er i heimen og pratar og kosar seg. Nokre gonger går dei på besøk i skulen, slik at brukarane får sjå korleis elevkvardagen er.

### GODTRIM/FALLFØREBYGGJANDE TRENING FOR ELDRE

Tilbod torsdagar, ca 45 minutt med øvelsar for å styrke store muskelgrupper og innøva gode ferdigheter i høve fallførebygging. . Godt oppmøte og god stemning på desse trimstundene. Høvande musikkfølgje er med å løfte stemninga. Etterpå er det tilbod om kaffi, frukt og vaflar på seniorsenteret for alle som vil. Aldersspenn er frå 75 – 93 år.

### MÅLTIDSFELLESKAP

Middag eller lunsj i seniorsenteret sine lokaler onsdagar kl 13 (flytta tidspunkt). To-retters varmt måltid servert av frivillige. Maten laga av kjøkenet ved Fitjar bu- og behandlingssenter. Vi må heile tida annonsera tilbodet for å rekruttera fleire, men stort sett er dette for ei gruppe på 8-10 stk.

### MØTE I TILSKOTSGRUPPE

Det har vore to vårmøter i tilskotsgruppa dette året. God arena for informasjonsutveksling. Frivilligsentralen har innvilga stønad frå BUFDIR i 3 år med hensyn til Ope hus. Dette er prosjektbasert og ei vidareutvikling av tilbodet. I tillegg har ein hatt møte med oppvekst-etat og NAV med hensyn til fordeling av midlar til låginntektsfamiliar .

### FØLGJE, TRANSPORT OG ANNA

Fortsatt ein del følgjeoppdrag, og vi har ein del frivillige som stiller opp til dette



### SENIORKINO

Frivilligsentralen samarbeider med den lokale kinotilbydaren om seniorfilmar- nokre gonger med kaffi og drøps Det er òg filmar som blir støtta av den Kulturelle spaserstokken, som er tilpassa interessefelt for seniorgrupper. Tilbodet er da ope for alle seniorar, og ein har hentetilbod for dei som bur i «sjukeheim» eller i omsorgsboligar. Med hjelp av Fitjar vidaregåande skule sine elevar innan , dersom det høver.

## INTEGRERINGSARBEID

### MØTEPlass UKRAINA

Frivilligsentralen har laga ein møteplass for flyktningar frå Ukraina ca 1 gong per månad

Intensjonen er at flyktningar møtast, får informasjon om fritidstilbod dei kan delta i. Andre gonger kan det vera norske skikkar og samfunnsnyttig informasjon som vert delt. Det har vore mange lag og organisasjonar som har hatt presentasjonar ved desse samlingane. Stort og godt oppmøte.

Servering har vore støtta av kommune, men og av næringsliv som har bidratt til dette.

### FITJARKOMPIS

Ny runde med Fitjarkompis til nye innbyggjarar som kjem som flyktningar til Fitjar frå Ukraina. Mange fitjarbuar meldte seg slik at vi fekk dette til. Her gjer dei kvardags-sysler saman og forpliktar seg til å møtast 4 gonger utanom start og kompisfest på slutten.

Nokre kompis-koplingar har ført til eit vidare vennskap, det er fint!

### GRATISBUTIKK

Gratisbutikk vart oppretta i eit klasserom i Fitjar Kultur og idrettsbygg hausten 2022 etter samråd med Fitjar kommune-, og har vore eit gratistilbod for nyankomne flyktningar i Fitjar.

I starten skulle denne butikken vera eit tilbod om klede og litt småutstyr til dei som kom med lite bagasje frå krigsherja land.

Fleire behov meldte seg for anna utstyr enn berre dette, og frivilligsentralen la ut behov på sosiale meida. Og utan unntak, klarte vi å få tak i det som trengtes. Fitjarbuen har vist seg frå si aller rausaste side under denne gratisbutikk-tida. Vi hadde 2 frivillige i butikken ein dag i veka, eller vi la til rette for skjerma tid i butikken

Butikken vart og eit treffpunkt for folk som var komen frå krigsherja land. Frivilligsentralen hadde tilbod om heimkjøring etter besøk i butikken, slik at dei lett kunne frakta med seg heim det dei trengte.

Her kom inn mange nye frivillige som hadde ønskje om å hjelpa. Desse har og meldt seg til andre oppgåver etter avvikling av butikken.

Etter avvikling vart restane av det som var av klede i gratisbutikken, pakka ned og sent til Ukraina med lastebil, i samarbeid med Bømlo Frivilligsentral og ei teatergruppe til frå Bergensområdet.

Større ting vart gitt til gjenbruksbutikk på Stord/Heiane.

Butikken vart avvikla mai 2023.

### MØTE MELLOM MENNESKER



## SPRÅKKAFFE

Det var eit behov for å blåsa nytt liv i språkkafe. Det var godt oppmøte og vi fekk fort frivillige inn til å vera vertskap på desse ettermiddagane/kveldane. I alt 11 stk frivillige meldte seg og det var rundt 20 stk som kom for å øva. Språkkafe har etter ønskje frå deltakerane, blitt restarta hausten 2023 og fortset så lenge det er interesse for å øva på å snakka norsk. Dette har vore eit fint og viktig samarbeid med Fitjar Folkebibliotek som òg har lagt dette inn i opningstida til biblioteket og halde hus for språkkafeen. Bibliotek og frivilligsentral har brukt midlar til å kjøpa inn ein del spel og utstyr til språkøvingane. Frivilligsentralen søkte og nokre midlar gjennom Norges Frivilligsentraler (midlar som vart delt ut frå UDi) for å dekkja kostander .

## UTKJØRING AV STRØSAND TIL ELDTRE

Dette foregår på seinhaust/skilje til vinter – som regel i løpet av november. Da kjører frivillige utbøtter med sand til heimebuande eldre som sjølv ikkje klarer å få henta seg strøsand. Ofte må dei òg strø hos dei som dei besøkjer. Frivilligsentralen har liste på dei som ønskjer strøsand, og følgjer opp dette utover vinteren så godt det let seg gjera. Fitjar kommune annonserer tilbodet, betaler for strøsand, kilometer og bøtter.

## LINDRANDRE BEHANDLING

Her er det ikkje noko nytt. Vi har fortsatt frivillige som er villig til å stilla opp for familiar dersom det er behov for det framover. Tilbodet ikkje nytta.

## OPE HUS FOR UNGDOM / PROSJEKT HA DET KJEKT I FITJAR

Buudir har innvilga ei treårig støtte til Ope hus for ungdom i Fitjar frå 2023, 2024 og 2025 (dette med synkande beløp i -24 og -25) Prosjektetmidlar vi har søkt om er ei vidareutvikling av tilbodet. Ein del av prosjektet er å invitara inn lag og organisasjonar og ha større fokus på å få med fleire unge som ikkje er med på så mykje anna. Det er fin deltaking på Ope hus og trivsel blant dei unge.

Før jul pussa Fitjar Kultur og Idrettsbygg opp foaje-området som dei unge og nyttar på Ope hus. Dette auka trivselen for ungdommane, og no kosar dei seg der òg i tillegg til å ha tilbod om å laga litt mat, vera i idrettshallen eller berre henga der.

Ope hus er ein fysisk møteplass for dei unge, da det ikkje er eit ungdomshus dei kan samlast i. Det i planen at Kulturkontoret og Ungdområdet vil tilretteleggja tilbod om E-sportsenter på dei same kveldane som Ope hus etter jul.



praktiser og lær norsk  
**SPRÅKKAFFE**  
Tysdagar kl.17 -18

12.september	24.oktober
19.september	31.oktober
26.september	7.november
3.oktober	14.november
10.oktober	21.november
17.oktober	28.november

Gratis - enkel servering

Arrangerast av  
Fitjar frivilligsentral og Fitjar  
folkebibliotek

Fitjar folkebibliotek  
TYS DAGAR KL. 17-18

## NRK TV-AKSJONEN 2023

I år var det Redd Barna sin tur å få tv-aksjonen. Målet til Redd Barna var å skaffa midlar til å få i gong trygg skulegong og eit leiketilbod til born i krisramma land. Det vart tromma saman ein veldig fin og engasjert kommunekomite, som og jobba godt med rekruttering av frivillige bøssebærarar.

Igjen rekordinnsamling på landsbasis, og lokalt i Fitjar. Rause fitjarbuar gav enormt med pengar til innsamlinga i bøssene, men og svært høge summar frå skulane i Fitjar. Borna/ungdommane hadde laga basar, kveldasete, løp med innsamling per runde ved skulane. Godt arbeid i skulane med programmet Salaby, som er laga spesielt til Tv-aksjonen. I tillegg var det minikafe og musikk i gongen ved Larsenbygget i Fitjar. Inntektene av kaffi og kake-salget gjekk uavkorta til tv-aksjonen. Tre sporty musikantar stilte opp og hadde minikonserter og to driftige damer frå hhv Ukraina og Syria stilte opp og bakte lekre kaker. Veldig koseleg.



Før helga var det ein storstilt næringslivsdugnad der ordførarane og frivillige ringte bedrifter og fekk støtte til tv-aksjonen. Svært vellukka. Aksjonsdagen var 50-tals fitjarbuar rundt på dørane til folk i Fitjar og samla inn. Dette var enkeltpersonar, familiar med born og ein god del pensjonistar. Kaffi og kake på rådhuset i Fitjar saman med ordførar ved innlevering av bøssene. Bøssene vart deretter køyrt til Stord og Sparebanken Vest for opteljing. Dette var den einaste banken på øya som stilte opp med teljekorps, noko som vi sjølvstakt var glad for.





## AKTIVITETSDAGAR OG KINO

Frivilligsentralen har i fleire høve søkt om midlar til gratis aktivitetsdagar og kino for born og unge i Fitjar, og har fått midlar både frå Fitjar Kraftlag og Sparebanken Vest, samt Haugaland Kraft til dette.

For å få mest mogleg ut av desse midlane, har vi slått oss saman med Fitjar Folkebibliotek og utvikla eit godt samarbeid kring dette. Biblioteket har god tradisjon for å laga til gode aktivitetar for born og unge frå før. Det var fint å dra veksling på kvarandre i eit slikt samarbeid. Dette vart eit tilbod ved skuleslutt og haustferie. Svært godt besøkt kino og foreldre og besteforeldre kosa seg saman i skulefrie dagar. 150 stk nytta seg av gratis kino i haustferien. Der var born, foreldre og besteforeldre.



Bilde frå juleverkstad 2023

## AFTERNOON TEA OG KONSERT

26. september 2023 hadde pensjonistar tilbod om afternoon tea og konsert i foaje ved Fitjar Kultur og Idrettsbygg. Frivilligsentralen søkte samarbeid med kulturkontoret i kommunen og fekk nytta midlar frå den Kulturelle Spaserstokken til å ha konsert med den kjekke trubaduren frå Etne, Jimmy Næs. Tema var Ingvar Moe sine viser og dikt.

Nydeleg samarbeid mellom frivilligsentralen og elevar frå Fitjar vidaregåande skule om arrangementet. Elevar frå kokk og servitør lagde maten, elevar frå oppvekstfag med studiespesialisering tok imot gjestene, og serverte ved bordene. Svært kjekke elevar.

Dei 40 plassane vart fort fylt opp av gode seniorar i Fitjar. Dette vart ei fin stund på ettermiddagen.

I forkant hadde desse elevane og pynta bord med blomeoppsatsar.



## ØNSKJETRE FOR JULEGÅVER

Det er tildelt ei pengegåve til Fitjar sine låginntektsfamiliar frå Haugaland Kraft for 3.år på rad. Dette skal gå uavkorta til målgruppa og frivilligsentralen er blitt bedt om å dela ut desse midlane og eventuelt laga eit tilbod eller laga eit arrangement for bornefamiliar som har lite midlar. I dei kommunane midlane er delt ut i, er dette gitt til frivilligsentralane.

Vi såg at beløpet fordelt pr person var såpass lågt, at vi valte å fordela midlane slik:

*Borna kunne med hjelp av foreldra, levera eit ønskje til postkassen på NAV innan ein frist. På lappen skal det stå ønskje, kjønn og alder på bornet og NAV mottar og navna på dei som ønskjer gáva. Etterpå lager frivilligsentralen hjarte som skal hengast på eit juletre med ønskje, alder og kjønn. Dei som ønskjer å ta med seg eit hjarte og kjøpe/innfri det som står på lappen, leverer da gáva til frivilligsentralen . NAV kjører ut desse gávane før jul til dei som har levert inn ønskjene i postkassen. Vi hadde 18 hjarte oppe på treet, og desse vart henta så snart dei var hengt opp.*

Eigarane av Larsen-bygget stilte sporty opp og let oss få eit fint juletre med lys som vi kunne henge lappane på. Etter gávane var fordelt, fekk frivilligsentralen inn gáver som ikkje var på ønskelista, men som var uinnpakka og kunne delast ut til nokre av dei som stod på lista, pluss at nokre vaksne fekk gáver.

Frivilligsentralen fekk laga ein roll-up med tekst som kan nyttast fleire år på rad for pengar frå Haugaland Kraft.



Ein klasse ved Fitjar vidaregåande skule panta flasker og kjøpte deler av ei gåve på treet.

Ein annan klasse engasjerte seg med julebasar på Larsen-bygget der dei selte kaker, julepynt, kransar og anna. Pengane som kom inn vart lagt til ein spleis på mateskar til dei som hadde meldt seg for behov for dette til jul. I tillegg brukte frivilligsentralen deler av tilskotet frå Haugaland Kraft til dette.

Siste rest av midlar gjekk til å dekkja julemiddag for brukarar av LARS-senteret i Fitjar og julebuffet og samling for flyktnigar som bur i Fitjar. Nokre midlar vart lagt inn i ein juleverkstad vi arrangerte saman med Fitjar folkebibliotek.

## FRIVILLIGPRISEN 2023 OG FØRJULSAMLING

I år som tidlegare år, er det duka for ein fest for dei frivillige med gratis mat, underhaldning og gode ord.

På same tilstelninga deler vi ut årets frivilligpris som på førehand er utlyst og handsama samla i jury.

I år kom det inn svært mange forslag, og juryen hadde mange å velgja i.

Årets frivilligprisvinnar vart Britt Padøy for hennar lange og breie frivillige innsats i bygda. Britt har vore med på svært mange områder og er eit ja-menneske. Ordførar Wenche Tislevoll delte ut prisen på frivilligfesten og prisvinnar mottok eit sjal laga av Leik Knitwear, samt en plaket, t som er sjølve prisen. Plaketten var laga av Helland CNC i Fitjar.

Underhaldning av trubadur Jimmy Næs frå Etne. Dagleg leiar og styreleiar delte på konferansierjobben og fortalte litt om aktivitetane til sentralen. Til stades var frivillige, sponsorar/støttespelarar, medstifterar, samarbeidspartnar gjennom tida. Viktig tilstelning for sentralen og ein god møteplass for frivillige.



## EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE FITJAR FESTIVALFORENING

Dagleg leiar har tidlegare hjelpe med sekretæroppgåver for Fitjar festivalforening.

Festivalen har vore skrinlagt lenge på grunn av pandemi og vag interesse. Like før jul, var ei gruppe samla for å blåsa nytt liv i festivalen for 2024 og det vart halde ekstraordinært årsmøte.

Frivilligsentralen er medlem i festivalforeninga.



## TRAFIKKSIKRINGS DAG

Starta planlegging av trafikksikringsdag 2024 i desember. Lagt konturar av trafikkdag for 9.,10.trinn i ungdomsskulen og alle 3 trinn i vidaregåande skule på Fitjar. I tillegg legg ein opp til ein seniordag for oppfrisking av trafikk-kunnskapar i april. Lokal arbeidsgruppe er i gong og søknad om midlar er sendt til Vestland Fylke, trafikksikringsrådet innnan fristen.

## SAMARBEIDSAVTALE

---

På tampen av året vart ny samarbeidsavtale undertekna mellom Fitjar kommune og Fitjar Frivilligsentral.

Her går Fitjar kommune inn med større del av lokal finansiering enn den førre avtalen- i tråd med nye forskrifter.

Avtalen forseglar ein gjensidighet og konkretiserer både frivilligsentralen sitt behov for å vera uavhengig, samstundes som ein set status for oppgåver ein kan forventa at ein frivilligsentral skal ha .

Fitjar kommune har ansvar for å søkja om midlar til frivilligsentralen og å formidla dei vidare til sentralen så snart dette er på plass. Det er no Lotteri-og stiftingstilsynet som fører kontroll med frivilligsentralane i Noreg, på oppdrag av Kulturdepartementet.

## OPPSUMMERING

---

Det er aukande merksemd kring frivilligsentralen vår. Gode teikn på at frivilligsentralen i Fitjar vil ha ei god rolle i fitjarsamfunnet i lang tid. Ein ser at fleire frivillige ønskjer kanskje å delta i kortvarige eller interessante aktivitetar vi organiserer, og at det er òg mange potensielle frivillige i Fitjar .

Takksam for å ha så mange gode frivillige med på laget. Eg er og glad for det gode samarbeidet med lag og organisasjonar. Eit aktivt og godt styre har vore med på å halda motivasjon og arbeidsglede for dagleg leiar.

Året 2023 har hatt eit forbruk på 110 frivillige og produsert om lag 2 årsverk frivillig arbeid som eit minimum, utan at dette er finrekna.



Ellinor A Bergesen  
Dagleg leiar Fitjar Frivilligsentral